

AVTALE

Mellom

- a) Einar Lygre, noverande eigar av gnr. 108, bnr. 3 i Lindås og
- b) Olav Knarvik, noverande eigar av gnr. 108, bnr. 68 og 284 i Lindås.

Om


vegrett for gnr. 108, bnr. 68 og 284 i Lindås

1. Privat veg som Olav Knarvik nyttar som tilkomst til eigedomane 108/68 og 108/284 er eigd av 108/3 – Einar Lygre.
2. Gnr. 108, bnr 68, får rett til å bruka vegen på vanleg måte (tilkomstveg til eigedom). Tilknytingspunkt mellom vegane skal vera nær grensa mellom bnr. 68 og bnr. 284.
3. Etter bygging av nye veg og hus på bnr. 68 skal eventuelle skadar på vegeigar Einar Lygre sin veg reparerast til same standard som før.
4. Som eingongssum for vegretten til bnr. 68 betalar Olav Knarvik kr. 61.500,- til eigar av bnr. 3 – Einar Lygre. Utgangspunktet for eingongssummen er å finna i vurderingane gjort av Jurst / rettshjelpar / ingeniør Halldor Havsgård datert 11. juni 2016.
5. Gnr. 108 bnr. 284 vil få dei same rettane når ny bustad skal byggjast mot å betala ein eingongssum for tilknyttinga. For både bnr. 68 og 284 vil tilknytingskostnadane korrigerast opp i samsvar med talet på bueiningar og utleigedelar, og etter same prinsipp som er å finna i vurderingane nemnd under pkt. 4, om dei ikkje kjem i konflikt med dei reglar og lovar som gjeld då.
6. Alle bruk som har tilknytting til vegen skal vera med i eit veglag der reglar for vedlikehald vert nedfelt. Framlegg til reglar skal utarbeidast og godkjennast av alle brukarane.
7. Dokumenterte kostnader Einar Lygre har hatt med rettshjelpar Halldor Havsgård skal betalast av Olav Knarvik.
Takseringskostnadane for vegen på kr. 5835,- vert betalt med 50 % av Olav Knarvik

Denne avtalen forutset at det vert gitt byggjeløyve for bustadhus på bnr. 68. Om ikkje skal avtalen skrivast om for å gjelda for veg til fritidsbustad.

Lindås, den 4. des 2016

Einar Lygre



Olav Knarvik

